

**Sigurd Børve (buset i Uskedalen) og Øyvind Lernes er søkjarar til vikariatet som lensmann i Kvinnherad medan Jan L. Fosse har permisjon fram til 17. februar 2010. Han er vikar som namsmann ved Hordaland politidistrikt.**



Sigurd Børve – blir han lensmann fram til vinteren 2010? (Foto: Kvinnheringen)

Børve fungerer allereie i stillinga som lensmann. Han er til vanleg politioverbetjent ved lensmannskontoret i Rosendal medan Lernes er HMS-rådgjevar/politioverbetjent ved Hordaland politisdistrikt, Tidlegare var han lensmannsbetjent i Kvinnherad.

Det skal no gjennomførast intervju med dei to søkjarane og tilsetjinga kan tidlegast skje i august då tilsetjingsrådet har det første møtet sitt etter ferien, melder Kvinnheringen.